

Årsmøteprotokoll 4H Hordaland 2022

Søndag 13.februar, digitalt. Kl. 11.00-16.00

Sak 1. Opning

- Presentasjon av fylkesstyret
- 4H-lovnaden i plenum.
- Ordstyrar Jostein Ljones ønska velkommen til årsmøte, og informerte om programmet.

Sak 2. Opprop ved Lisa Jonetta Ølvestveit

Lisa Jonetta Ølvestveit fekk bekrefta kven som var på årsmøtet.

Det deltok 83 medlemmer og gjester.

Av desse var det 44 årsmøtedeltakarar med stemmerett.

Sak 3. Godkjenning av innkalling og sakliste

Lagt fram av Jostein Ljones

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 4. Godkjenning av forretningsorden

Lagt fram av Jostein Ljones.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegg til forretningsorden.

Sak 5. Val av to personar til å skrive under årsmøteprotokollen

Lagt fram av Jostein Ljones

Styret sitt framlegg til vedtak:

Arne Martin Helland frå Lid 4H og Ida Marlen Havn frå Øvrebygda 4H.

Vedtak: Arne Martin Helland frå Lid 4H og Ida Marlen Havn frå Øvrebygda 4H vart samrøystes vald til å skrive under protokollen.

Sak 6. Val av sekretærar og teljekorps

Lagt fram av Jostein Ljones.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Referentar:

Lisa Jonetta Ølvestveit (4H Hordaland)

Helene Stråtveit (H.A.N.S.A)

Treng ikkje teljekorps på grunn av menti.com

Vedtak: Alle vart samrøystes vald.

Sak 7. Årsmelding 2021

Synne Røthe Sandal la fram Årsmelding for 2021.

Synne Røthe Sandal og Martha Gjerald hadde laga og vist fram årskavalkade i bilete.

Rettingar/kommentarar frå salen:

- Agathe Ølvestveit: Det har vore mange små arrangement for klubbbrådgjevarar dette året, men nesten ingen for medlemmane. Kvifor?
 - o Svar: Både fylkesstyret og alumnklubben har prøvd, men fått lite respons.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmelding for 4H Hordaland 2021 med kommentar.

Andrine frå sentralstyret kom med helsing.

Sak 8. Rekneskap 2021, revisormelding og uttale frå kontrollutvalet

Lagt fram av Martha Gjerald.

Revisormelding lest opp av Jostein Ljones.

Kontrollutvalet sin uttale vart lagt fram av Vilde Sylta Kvamme.

Vedtak: Rekneskap for 2021 vart vedteke.

Sak 9. Vedtektsendringar

Lagt fram av Steffen Stråtveit.

Rettingar/kommentarar frå salen:

- Helene Stråtveit: Skal me fortsetja med at valnemnda har funksjonstid på 3 år, og med eit nytt medlem kvart år?
 - o Svar: Nytt forslag til endring
- Peder Røthe Aker: Kvifor vil ein bytta til at medlemmar i valnemnda blir vald inn for to år, i staden for eitt nytt medlem kvart år?
 - o Svar: Fylkesstyret har fått tilbakemelding om at det er lenge å sitje i 3 år, endrar derfor dette til 2 år
- Forslag til endring §6 punkt 5 frå Steffen Stråtveit (fylkesstyret): Kontrollnemnda foreslår ny(e) person(ar) til valkomité og tre (3) varamedlem til valkomiteen

Vedtak: Årsmøtet godkjenner vedtektsendringane med rettingar og kommentarar.

Sak 10. Årsplan 2022

Lagt fram av Agnete Flatnes Skarveland.

Kommentarar frå salen:

- Myrkdalen 4H → Stronde 4H
- Juniorsprell flytta januar – august
- Inspirasjonssamling flytta
- Trivselsagentsamling lagt til
- Marius Skar Kolås: Marås 4H vil arrangera distriktsteir for Nord Hordaland. Skal det vera friluftsheltsamling i år?
 - o Utsett frå februar til april for å få fysisk samling, ikkje tatt med på årsplan. Men det skal gjennomførast
- Helena Oftedal Hegland: Kor er 4H dagen? Under open himmel? Foreslår Open himmel 29. april – 1. mai
 - o Svar: Synne 4H dagen er ikkje skriven inn. 7. mai VÅR dag, er den nasjonale dagen me skal feira 4H-dagen. Denne skal feirast på Molvik Gard. Skal skriva inn VÅR dag/4H dagen på 7. mai Under open himmel skal og feirast under VÅR dag.

- Hanne Bussesund: Har ikkje fått beskjed om at det var deira tur til å ha distriktsleir (Skulestad 4H)
 - o Vart vedtatt på årsmøtet i fjor at Skulestad 4H skulle ha. Lystig 4H slapp, pga dei skal arrangera styrevervskurs neste år. Men det er veldig fint om Lystig 4H kan arrangere distriktsleir.
- Sigrid Sundve: Har høyrte at Lystig 4H skal ha distriktsleir, sidan deira vart avlyst i fjor.
 - o Svar: Lystig 4H skal få lov dersom dei har lyst
- Uren Luren 4H: spørsmål: Blir det distriktsleir i Sunnhordland?
 - o Svar: Det er ingen foreløpig arrangørklubb, men fylkesstyret vil arbeide med å få ein arrangør klubb.

Vedtaket: Årsmøtet godkjenner årsplan 2022 med rettingar og kommentarar, med atterhald om at opplysningane me har fått er rett.

Sak 11. Budsjett 2022

Lagt fram av Martha Gjerald.

Rettingar/kommentarar frå salen:

- Marius Skar Kolås: Fylkesleir er den største store leiren, derfor bør det vera gratis fylkesleir. Endring av konto 6865 deltakaravgift til 205.500 kr. Underskotet for 2022 vert då 236.250 kr
- Jens Halland Kruse: Redd for at fleire melder seg på, men ikkje dukkar opp. Vil ha billegare leir → 250 kr deltakaravgift. Endring av konto 6865 delatakravgift til kr. 168.000 . Underskotet for 2022 vert då kr. 198.750 kr.
- Svar til begge: Steffen Stråtveit, fylkesleir. S&F skal delta på fylkesleiren vår, skal vedtaket gjelda berre Hordaland eller S&F og?
- Marius Skaar Kolås: Vedtaket skal berre gjelde for Hordaland.
- Elin Klette: Viktig å tenkja på budsjettet til arrangørklubben, vedtaket vil påverke inntektene deira.
- Synne Røthe Sandal. Fylkesstyret: arrangørklubb og fylkesstyret har avtale om at største delen av overskotet skal gå til arrangørklubb. Så dei vil mista ei stor inntektskjelde
- Sofie Ljones: Bruka pengane annleis for å få medlemmer, Feil plass å investera for å få fleire medlemmer
- Marius Skar Kolås: Arrangørklubben vil få same overskot, fylkesstyret skal betala kostnaden for medlemmane. Dette skal ikkje gå ut over arrangørklubben sitt overskot.
- Vilde Rørlie Seim: Mange i min klasse er ikkje med i 4H fordi det er dyrt, dette er godt tiltak for å få fleire med.
- Olina Sande Hesjedal: opplysning: 4H har deltakarstøtte som gjer at gratis leir ikkje er nødvendig. Dei som ikkje har økonomi kan søke deltakarstøtte.

Votering:

Deltakaravgift på fylkesleir kr 900 eller 0?

Deltakaravgift 900 kr: 32 stemmar

Deltakaravgift 0 kr: 10 stemmar

Deltakaravgift på fylkesleir kr 900 eller kr 250?

Deltakaravgift 900 kr: 20 stemmar

Deltakaravgift 250 kr: 22 stemmar

Årsmøtet godkjenner budsjettet med endring om deltakaravgift. Arrangørklubb skal ikkje tape noko på at deltakaravgifta blir kr. 250.

Vedtatt mot 5 stemmar.

Vedtak: Budsjett 2022 vart vedtatt med kommentarar og endring på deltakaravgift fylkesleir til kr 250 for medlemmar frå 4H Hordaland.

Sak 12. Førebels årsplan 2023

Lagt fram av Agnete Flatnes Skarveland

Rettingar/kommentarar frå salen:

- Agathe Ølvestveit: 4H dagen er ikkje med, kvifor?
 - o Svar: Synne Røthe Sandal: I årsplanen står berre arrangement, klubbane får utdelt eit årshjul der fristar og 4H dagane skal stå.

Vedtak: Samrøystes vedtatt

Sak 13. Førebels budsjett 2023

Lagt fram av Martha Gjerald.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner førebels budsjett for 2023. Samrøystes

Sak 14. Søknad om landsleir 2024/2026

Lagt fram av Synne Røthe Sandal.

Rettingar kommentarar frå salen:

- Agathe Ølvestveit: Er planlegginga begynt? Kor på Voss skal den vera? Er det oppretta leirkomité?
 - o Svar: Synne Røthe Sandal, fylkesstyret: ingen leirkomité, men mange engasjerte me vil spørja. Det er og tenkt ein stad, har fleire forslag til leirplass. Har og fleire forslag til aktivitetar me kan ha.
- Elin Klette: kommentar til alle: det er stor jobb å arrangera landsleir, diskutert med klubbane i nemnd på Voss. Dei er ikkje negative, men skeptisk til at ikkje meir er på plass. Det er viktig at ting er klart til landsleiren i år, slik at me kan læra av dei og reklamera for neste landsleiren.
 - o Svar: Synne Røthe Sandal: Me er klar over dette og har snakka om å sende frivillige til S&F for å lære til vår leir.
- Ingeborg Klette: for tidleg i 2024, på grunn av stad og leirkomité ikkje er på plass. Forslag til vedtak: 4H Hordaland søker om å arrangere landsleir berre i 2026.

Votering:

Kva for år skal me søkja landsleir 2024 eller 2026?

2024, evt, 2026: 24 stemmar

2026: 17 stemmar

Skal me søkja om å få Landsleir?

31 stemte for å søkje om Landsleir, 4 var imot.

Vedtak: Årsmøtet vedtar arrangøransvar for landsleir i 2024, eventuelt i 2026.

Sak 15. Førebels årsplan 2024

Lagt fram av Agnete Flatnes Skarveland

Vedtak: Årsmøtet godkjenner samrøystes førebels årsplan for 2024.

Sak 16. Førebels budsjett 2024

Lagt fram av Martha Gjerald

Vedtak: Årsmøtet godkjenner samrøystes førebels budsjett for 2024.

Sak 17. Tilsetjing av revisorar

Lagt fram av valkomiteen v/ Espen Aaserød

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Revisor: Torleiv Ljones frå Hjorten 4H

Vararevisor: Lars Rydland frå Øvrebygda 4H (attval)

Valde med akklamasjon

Sak 18. Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

Sak 19. Uttalar frå fylkesårsmøtet

Ingen innkomne saker.

Sak 20. Val

Ny innstilling frå valnemnda:

Lagt fram av Espen Aaserød.

Leiar	Synne Røthe Sandal	Bjødnabykse 4H/H.A.N.S.A	1 år (attval)
Styremedlem – økonomi	Janniche Næss Bergås	H.A.N.S.A	2 år (ny)
Styremedlem – skrivar	Agnete Flatnes Skarveland	Lid 4H/H.A.N.S.A	1 år (Ikkje på val)
Styremedlem	Lisa Jonetta Ølvestveit	H.A.N.S.A	2 år (ny)
Styremedlem	Steffen Stråtveit	Bordalen 4H	1 år (ny)
1. vara	Sofie Ljones	H.A.N.S.A	1 år (ny)
2. vara	Vilde Sylta Kvamme	H.A.N.S.A	1 år (ny)
3. vara	Martha Gjerald	H.A.N.S.A	1 år (ny)

Ordfører	Jostein Ljones		1 år (attval)
Vara-ordfører	Solfrid Borge		1 år (attval)
Utsending til landsmøte	Janniche Næss Bergås	H.A.N.S.A	
Vara			
Utsending til landsmøte	Steffen Stråtveit	Bordalen 4H	
Vara			
Utsending til landsmøte	Agnete Skarveland	H.A.N.S.A	
Vara			
Kontrollnemnd	Rune Solberg	Leiar 2022	Ikkje på val
Kontrollnemnd	Elin Klette	Leiar 2023	Ikkje på val
Kontrollnemnd	Ida Marlen Havn	Leiar 2024	3 år (ny)

Kontrollnemnd:

Valnemnda hadde ikkje forslag til ny person i kontrollnemnda.

Forslag frå delegat Harald Rydland Sæbø: Ny person i kontrollnemnd: Ida Marlen Havn.(Øvrebygda 4H)

Landsmøtet: Fylkesstyret får fullmakt til å finne varamedlem dersom medlemmane ikkje kan reisa.

Kontrollnemnda sitt forslag til valnemnd:

Lagt fram av Jostein Ljones.

Valnemnd	Inghild Helland	Leiar 2022	Ikkje på val
Valnemnd	Nicolaj Disselhorst	Leir 2023	Ikkje på val
Valnemnd	June Brigitte Birkeland	Leiar 2024	2 år (ny)
1 vara	Elisabeth Haagensen		1 år
2 vara	Guro Kristi Holmberg		1 år
3 vara	Lillian Karin Bjørnseth		1 år

Vedtak: Nytt fylkesstyre, ordfører, varaordfører, valnemnd, landsmøtedeltakarar og kontrollnemnd vart godkjent.

Sak 21. Avslutning

- Helsing frå Molvik Gard ved Leif-Helge Molvik
- Informasjon om fylkesleir 2022 ved Bordalen 4H
- Informasjon om trivselsagentsamling ved Lisa Jonetta Ølvestveit

Årets solsikke ved H.A.N.S.A:

- Stronde 4H

Kunngjeringar:


- Påmeldinga for storkurs er opna

Fylkesstyreleiar takka:


- Førland 4H-gård for godt samarbeid gjennom fleire år
- Jostein Ljones som ordførar, Lisa Jonetta Ølvestveit som skrivar og Helene Stråtveit som vår gode hjelpar.
- Turid Sandstad Herland og Synnøve Jørgensen for all god hjelp gjennom året, og den flotte jobben dei gjer
- Samarbeidspartnarar
- Fylkesstyret for godt samarbeid
- Lid 4H for medlemsvekst fleire år på rad


Årets klubb 2021:

Synne Røthe Sandal delte ut prisen «Årets klubb 2021» til Varden 4H.


Arne Martin Helland (May 12, 2022 14:48 GMT+2)
Arne Martin Helland


Ida Marlen Havn (May 12, 2022 16:12 GMT+2)
Ida Marlen Havn


Lisa Jonetta Ølvestveit (May 12, 2022 20:11 GMT+2)
Lisa Jonetta Ølvestveit
Skrivar


Helene Stråtveit (May 11, 2022 22:04 GMT+2)
Helene Stråtveit
Skrivar